

Tilsyn og læringsdialog

Helsetilsynet i Vestfold har på grunnlag av erfaringar frå Fylkemannens prosjekt «Slik kommunene ser det» arbeidd målretta for å auke dialogen i samband med tilsyn. Prosjektet auka kunn-skapen om korleis kommunane opplever tilsyn. Tilbakemeldingane viste blant anna at eit tilsyn kunne gi eit større læringsutbytte dersom det blei følgt opp med dialog før og etter tilsynet.

I modellen vår «Læringsdialog rundt tilsyn» har vi prøvd ut ei møterekkje knytt til dei ulike fasane i eit tilsyn:

1. Informasjonsmøte blir gjennomført innan 1. mars, og alle verksemder som yter tenester innanfor tilsynstemaet dette året, blir inviterte. Møtet er prega av informasjonen vår til verksemndene.

2. Dialogmøte blir gjennomførte med verksemder som har hatt tilsyn med same tema, etter at tilsynet er gjennomført. Her har vi lagt stor vekt på eigen aktivitet i verksemndene, med presentasjon, diskusjon og samhandling for å lære av kvarandre.

3. Oppsummeringsmøte blir gjennomført i desember for dei same verksemndene som tok del på informasjonsmøtet. Her har vi ei gjensidig utveksling av erfaringar og refleksjonar frå tilsynsprosessen. I dette møtet gir vi som tilsynsorgan også tilbakemeldingar om dei viktigaste funna vi har gjort under tilsynet.

Erfaringane våre og tilbakemeldingar frå verksemndene viser at meir dialog har vore med på å auke meirverdien og betre læringa av tilsyna både for dei som har hatt tilsyn, og for oss som

tilsynsorgan. Dette gjeld også for verksemder som ikkje har hatt tilsyn, men som har teke del på informasjons- og oppsummeringsmøta. Møta har gitt oss meir kunnskap om verksemndene, noko som igjen kan betre tilsynspraksisen vår. Vi har gjennomført prosessen ved fleire tilsyn i 2010 og 2011 både på helseområdet og sosialområdet.

Læringsdialogen er no lagd inn i årskalenderen vår. Parallelt med val av tilsynstema og tilsynsobjekt drøftar vi kven som er aktuelle å invitere til dialogmøte. Vi meiner læringsmodellen er nyttig og vil utvikle han i det vidare arbeidet vårt.